



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
22/5183-2

Dato
4. juli 2022

Spørsmål nr. 2458 frå stortingsrepresentant Nikolai Astrup

Eg viser til spørsmål nr. 2458 frå stortingsrepresentant Nikolai Astrup.

Spørsmål

Hvor mange flere ansatte er det blitt i de departementene/funksjonene som skal innplasseres i det nye regjeringskvartalet i perioden 1. oktober 2021- 1. juni 2022, enten som en følge av omorganisering eller nyansettelser, og hvor mange konsulenter har blitt erstattet med faste ansatte i samme periode (Ber om tall på hvert departement)?

Begrunnelse

Jeg viser til svar på spørsmål 2228, der det henvises til at SSBs tall for utvikling i antall ansatte i departementene ikke vil foreligge før i 2023. Det enkelte departement har imidlertid oversikt over utvikling i antall ansatte i perioden jeg spør om, og jeg ber derfor om at KDD innhenter tall fra de øvrige departementene. SSB baserer seg på innrapportering fra det enkelte departement, og disse tallene bør derfor være tilgjengelige. Regjeringen har lagt til grunn at det nye regjeringskvartalet skal dimensjoneres for 4100 ansatte. Jeg ber derfor om at det presiseres utvikling i antall ansatte/funksjoner som skal innplasseres i det nye regjeringskvartalet. Regjeringen har også uttalt at det er et mål å erstatte innleide konsulenter med fast ansatte. Jeg ber derfor om en oversikt over hvor mange av de nyansatte i departementene som har erstattet innleide konsulenter, brutt ned på hvert enkelt departement. Denne delen av spørsmålet begrenser seg ikke til de departementene/funksjonene som skal inn i det nye regjeringskvartalet. Med henvisning til departementets saksbehandlingstid vedrørende spørsmål 2228, tillater jeg meg å minne om at svarfristen på skriftlige spørsmål er seks virkedager.

Svar

Ei undersøking i departementa syner at det per 1. juni 2022 var 14 fleire tilsette i departementa enn 1. oktober 2021. Endringane per departement er summerte i tabellen nedanfor. Kolonnen som er kalla «Endring» viser netto endring, det vil seie den samla verknaden av tilgang og avgang på tilsette.

Departement	Endring	Årsak
Arbeids- og inkluderings-departementet	+36	Omorganisering. Nytilsettingar.
Barne og familiedepartementet	-2	Nytilsettingar og avgang.
Finansdepartementet	-9	Ingen av endringane skriv seg i frå omorganiseringar eller nytilsettingar
Forsvarsdepartementet	-	Ingen FD-ansatte eller FD-funksjoner skal innplasseres i det nye regjeringsskvartalet.
Helse- og omsorgs-departementet	+6	Nytilsetting
Justisdepartementet	-14	
Kommunal- og distriktsdepartementet	0	
Kulturdepartementet	+1	Nytilsetting
Klima- og miljø-departementet	+2	Nytilsetting
Kunnskapsdepartementet	-24	Omorganisering. Nytilsetting og avgang.
Landbruks- og matdepartementet	0	Alle nytilsetjingar i perioden følger av at nokon enten har slutta eller gått av med pensjon.
Nærings- og fiskeridepartementet	+21	Omorganisering. Nytilsetting.
Olje- og energidepartementet	+3	Omorganisering.
Samferdselsdepartementet	-15	Omorganisering.
Statsministerens kontor	-3	Tala gjeld tilsette eksklusive politikarar ved SMK. Antall politikarar totalt i regjeringa er auka frå 85 til 88 personar frå 1. oktober 2021 til 1. juni 2022.
Utenriksdepartementet	+12	Utanriksstasjonane er halde utanfor. Auken i talet tilsette har i hovudsak si årsak i nytilsettingar.

I perioden frå 1. oktober 2021 til 1. juni 2022 er 4-5 konsulentar blitt erstatta med faste tilsette. Endringane per departement er summerte opp i tabellen nedanfor.

Departement	Endring	Årsak
Arbeids- og inkluderings-departementet	0	AID har ikkje konsulentar, og følgeleg er ingen konsulentar erstatta av faste tilsette.
Barne og familiedepartementet	0	BFD har ingen innleidde konsulentar
Finansdepartementet	0	Finansdepartementet har ingen eksterne konsulentar som er blitt fast tilsette i perioden.
Forsvarsdepartementet	3-4	Tre - fire faste stillingar er besett for å løyse oppgåver som eksterne konsulentar elles ville ha utført.
Justisdepartementet	1	Ein konsulent er blitt fast ansatt.
Helse- og omsorgs-departementet	0	HOD har ikkje hatt konsulentar i nokre stillingar
Klima- og miljø-departementet	0	
Kommunal- og distrikts-departementet	0	
Kunnskapsdepartementet	0	
Kulturdepartementet	0	KUD har ikkje hatt konsulentar i nokre stillingar
Landbruks- og mat-departementet	0	LMD har ikkje hatt eksterne konsulentar i perioden.
Nærings- og fiskeridepartementet	0	Det er per i dag ingen konkrete nye faste tilsette som erstattar tidlegare konsulentar.
Olje- og energi-departementet	0	I OED har ingen nytilsette erstatta konsulentar i denne perioden.
Samferdselsdepartementet	0	SD har ingen innleidde konsulentar, og det er dermed ingen konsulentar som har blitt erstatta med faste tilsette i perioden.
Statsministerens kontor	0	Ingen konsulenter er blitt erstattet med fast ansatte i perioden.
Utenriksdepartementet	0	UD har ikkje tal for om en tilsetting er en erstatning for en konsulent, men antar at det i liten grad er tilfelle.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik